

Høringssvar til revidert forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norg

Fra Gjemnes og Tingvoll Bonde og Småbrukerlaget
V/ Nils Fløystad

Bakgrunnopplysninger for høringssvaret.

Tingvoll og Gjemnes er typiske landbrukskommuner med utstrakt utmarksbeiting.

Begge kommunane har opplevd aukande rovdyrkonflikten, spesielt i Tingvoll.

I begge kommunane har ein gaupe og kongeørn. Jerv er sporadisk observert i begge kommunane. Gjemnes kommune er ikkje med i forvaltningsområde for gaupe og har fri jakt. Tingvoll er med i forvaltningsområde for gaupe.

Tingvoll kommune er på kun 337 km², noko som er knapt revir for ei gaupe. Det er fotografert fleire familiegrupper og enkeltindivider av gaupe i vinter, vår og i sommer. Det er ved fleire høve fotografert gaupe i det mest brukte beiteområdet for sau. Det er grunn til å anta at det er mellom 6 og 10 gauper i kommunen, noko som er langt over det tall gauper det er naturleg mattrilgang til. Det er hittil i år funnet over 20 gaupedrepne hjort i ytre del av kommunen, i tillegg til drepte rådyr.

I 2015 var tapet av sau 75 dyr, i 2016 150 lam og 6 vaksne. I 2016 var det i gjennomsnitt to personer ute på tilsyn pr dag i ytre Tingvoll beiteområde, i tillegg kjem uregistret tilsyn i form av turgåere, jegere, fiskere og «hytte-folk» i området. Same grad av tilsyn er gjennomført i år, men pr 20.09 syner førebels opteljing tapsprosent på rundt 20% av lam der morsau er sanket. I tillegg er det funnet 7-8 drepte vaksne sau. Tross omfattande tilsyn makter ein ikkje redusere tapa på grunn av beiteområdet si utforming. Situasjonen er tilsvarende i resten av kommunen.

Tingvoll kommune er ei tynn og lang halvøy omgjeve av fjorder, og har i praksis ingen samanheng med resten av forvaltningsområdet for gaupe i rovviltregion 6 Midt-Norge. På grunn av geografiske tilhøve har gauper vansker med å vandre andre stader enn innad i kommunen.

I høyringsutkastet står følgande:

«Det er et mål at rovviltforvaltningen bidrar til at utmarksbeiting og tamreindrift kan gjennomføres i tråd med dyrevelferdsloven og at det ikke oppstår behov for beiterestriksjoner.»

På grunn av Tingvoll kommunes begrensa areal, busetnad og geografi er det ikkje mogleg å drive utmarksbeite med gaupe tilstades uten at ein bryt dyrevelferdsloven eller har behov for omfattande beiterestriksjoner. Det er ikkje naturlege tilhøve for gaupe i kommunen ut i frå gaupas biologi og krav til areal.

Konkret endringsforslag.

Ut i frå dette krever vi at Tingvoll kommune i sin heilheit taes ut av forvaltningsområdet for gaupe i rovviltregion 6 Midt-Noreg, og at det vert kvotefri jakt på gaupe.

Det er ved fleire høve observert jerv i kommunen, også i dei mest brukte beiteområda. Ut frå same grunngeving med tanke på areal, busetnad, beitenæring og naturleg mattrilgang bør Tingvoll kommune ha kvotefri jakt på jerv med ståande fellingsløyve.

Det innføres ståande fellingsløyve for alle rovdyr når dei oppheld seg fast utanfor tildelt forvaltningsområdet, eller dette si randsone.

For Gjemnes og Tingvoll Bonde og Småbrukarlag.

Nils Fløystad
Fløystadvegen 135
6674 Kvisvik

